



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
29.01.2016
Dykkar dato
18.12.2015

Vår referanse
2013/5935 421.4
Dykkar referanse
14/1898

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr. 141 bnr. 1 og 2 m. fl. - Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan Stølshaugane

Vi viser til brev av 18.12.2015 med melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Stølshaugane med planID 1263-201302. Høyringsfrist er 06.02.16.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for eit nytt bustadområde. Deler av området er sett av til bustadføremål i arealdelen av kommuneplanen og deler er vist som LNF-område. I planforslaget er området for bustadføremål utvida med sju daa i LNF-område. Bakgrunnen for utvidinga er å unngå store terrenginngrep i samband med ny tilkomstveg. Kommunen har vurdert at endring av overordna plan utløyser krav om konsekvensutgreiling.

Fylkesmannen si vurdering

I vår uttale til oppstartsmeldinga var vi kritisk til at det meste av planområdet ikkje er sett av til bustadformål i overordna plan, og at mykje av LNF-området som er tatt inn i planområdet er dyrka mark og ligg innafor kjerneområde landbruk. I planforslaget som no ligg føre er det meste av utbygginga innafor bustadføremålet i arealdelen av kommuneplanen, men framleis ligg sju daa i LNF-området. LNF-området som vert råka er i hovudsak innmarksbeite, litt overflatedyrka mark og eit mindre område med fulldyrka mark. Konsekvensane av tiltaket vert vurdert å vere middels negativ for landbruket. Fylkesmannen er kritisk til nedbygging av landbruksareal, og hadde helst sett at utbyggingsområda i reguleringsplanen held seg innafor areal sett av til bustad i kommuneplanen. Det meste av utbyggingsområde som er LNF-område i arealdelen av kommuneplanen er svært kupert, og det er i hovudsak vegen som vil ligge på mindre kupert jordbruksland. I denne saka ser vi at det kan vere fornuftig å plassere tilkomstvegen i dette område, sidan det vil vere naudsynt med store terrenginngrep med andre løysningar.

Fylkesmannen har elles ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.